


Finansiering av legetilbodet

Ny legeavtale i Hareid kommune



Hovudmodellen



Legane driv privat næringsverksemd som er finansiert med:

- basistilskot utbetalt frå kommunen
- refusjon frå Helfo
- eigenandel frå pasientane.

Intensjonen er at kommunen skal yte basistilskot og eventuelle utjamningstilskot.

Driftstilskot utover dette vert betrakta som ei **subsidierring** av fastlegeordninga.

Rekruttering til fastlegeheimlane har vorte ei stor utfordring for mange kommunar og kanskje størst for dei mindre og mellomstore kommunane. Det er derfor mange kommunar som yter ei eller anna form for «subsidierring» utover hovudmodellen.

Slik subsidierring kan ha ulike former og kombinasjonar. Den enklaste er reine driftstilskot utover basistilskotet.

Ulike driftsmodellar:

- **Kommunal modell**
- **Privat modell**
- **Kombinasjonsmodell**
 - **Privat modell med kommunen som medeigar**

Kombinasjonsmodell

- I ein kombinasjonsmodell kjøper kommunen ut x-antal legeheimlar og vert medeigar i det private legesenteret.
- Det mest vanlege er då at kommunen betalar fastløn til legen i heimelen og taksting (eigenandel + tilskot frå Helfo) tilfell kommunen. Kommunen betalar då leige og basistilskot for heimelen til det private legesenteret som kommunen er medeigar i.
- Ein slik modell vil kunne sikre rekruttering samstundes som kommunen har innsyn og medverknad i selskapet dei gir driftsstøtte til.
- Kommunen vil då ha eit betre grunnlag for vurdering av både leige til selskapet og nivået på kommunalt tilskot.

Leige eller betaling utover basistilskot

- Det essensielle spørsmålet er nivået på leiga den enkelte lege skal betale i tillegg til basistilskotet.
- Denne vil vere avgjerande for kor mykje kommunen må yte i tilskot for at kostnadane skal dekkast.
- Dette vil i prinsippet vere det same om det er kommunalt eller privat drive legesenter.


Nivå på leige utover basistilskot

- Når vi ser på kommunane rundt oss varierer a-konto-leiga frå 0 i Sande til kr. 15.000 på Hareid og i Ørsta og kr. 20.000 i Ulstein og Volda. (pr 31.12.2019)
- Ser vi på rekneskapen hadde Ulstein og Hareid begge eit overskot, og reell husleige ligg betydeleg under det legane betalar inn kvar månad.
- Dersom vi korrigerer for overskot og skattekostnad får vi ei reell husleige på mellom kr 5000 og 6000 for både Hareid og Ulstein.


Hareid sin avtale

- Ut frå det reelle nivået kan ein legge til grunn ei husleige på kr. 5000 pr mnd pr legeheimel i Hareid, men tilpasse driftstilskotet frå Hareid kommune til eit nærast 0-resultat for legesenteret.
- Kombinerer ein dette med å kjøpe ut to legeheimlar og at Hareid kommune gjennom desse vert medeigar i legesenteret, er ein godt rigga for å møte utfordringane både med rekruttering og å skape føreseielege rammevilkår for den enkelte lege.

Kostnadsfordeling



Kostnad pr mnd pr lege



Kostnad for kommunen pr legeheimel



Hareid Legesenter	Forslag HK
Driftsinntekt og kostnad	
Driftsinntekter	
Salgsinntekt/basistilskot	2 835 299
Tilskot tenester HK	500 000
Driftstilskot frå HK	1 205 590
Husleige lege, vikar betalt av HK	120 000
Husleige lege	240 000
Annen inntekt	480 500
Korreksjon.. HK kjøp av privat vikarlege	
Sum driftsinntekter	5 381 389
Driftskostnadar	
Varekostnadar	327 899
Lønskostnad	2 798 579
Avskrivning varige driftsmidlar	100 000
Annen driftskostnad	892 927
Leige lokaler inkl fellesareal	1 228 218
Sum driftskostnad	5 347 624
Driftsresultat	33 766
Finans	
Finansinntekter	
Annen renteinntekt	591
Sum finansinntekter	591
Finanskostnadar	
Annen rentekostnad	30 000
Sum finanskostnadar	30 000
Netto finans	-29 409
Ordinært resultat før skatt	4 356
Skattekostnad på ord. resultat	1 002
Ordinært resultat	3 354
Avsatt til ordinært utbytte/evt fond	0
Overføring annen EK	3 354
Sum overføringer	3 354

Hareid kommune skal kjøpe seg inn i legesenteret ved ein emisjon

- Emisjonsgrunnlaget er bokført eigenkapital pr 31.12.2020 inkl ein goodwill på kr 200'
- Hareid kommune skal betale (slik som dei andre legane) kr 5000 pr mnd pr legeheimel (2 stk) til Hareid legesenter AS
- I tillegg betalar HK inn eit a-kontobeløp for å sikre likviditet.
- Dersom ein ikkje kan skaffe legar i heimlane, har HK plikt til å leige inn vikar (KS-Legeforeninga)
- Den eine lista har vi kjøpt ut - den andre ligg igjen som «goodwill» i selskapet.
- Dei 600' og 120' er ein del av finansieringa av drifta slik at kostnadane pr. legeheimel vert maks kr 5000
- Hareid kommune skal ha minst ein styreplass i Hareid legesenter AS